



Vår dato:

02.04.2025

Vår ref:

2025/4081

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

«Mottakernavn»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«Adresse»

Ingunn Haldorsen Sømme, 33371125

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Varsel om forvaltingskontollar innan landbruksområdet i 2025 for kommunane i Vestfold fylke og Telemark fylke

Statsforvaltaren sitt ansvar og mynde

Kvart år sakshandsamar kommunane mange søknadar innanfor tilskotsordningane i landbruket.

Statsforvaltaren har ansvar for å kontrollere kommunen si forvalting av desse

midla. Heimelen for kontroll med forvaltinga av dei økonomiske verkemidla følgjer av reglementet for økonomistyring i staten, § 14 og 15.

Alle verksemder skal etablere internkontroll. Internkontrollen skal hjelpe til å førebygge, avdekke og korrigere feil og manglar ved handsaminga av tilskotssaker. I forvaltingskontrollen skal Statsforvaltaren sjå til at det er etablert hensiktsmessige system og rutinar for effektiv internkontroll, og at tilskotsforvaltinga i praksis skjer på ein forsvarleg måte og i samsvar med etablert internkontroll.

Kvart år utarbeider vi ein risikobasert kontrollplan som sikrar at vi nyttar ressursane rett i høve til risiko, og at vi over tid kontrollerer alle ordningane og at alle kommunane i fylket får kontrollbesök.

Korleis vert kontrollane gjennomførte?

Forvaltningskontrollane vert gjennomført vår og haust for å få ei betre fordeling av arbeidet og ressursbruka gjennom året. Nokre av kontrollane vert gjennomført ved besøk i kommunen og inneholder ein feltkontroll, medan andre kontrollar gjennomførast som dokumentkontroll. Bruk av digitale møte vil gjøre møta mindre ressurskrevjande for kommunane med tanke på deltaking.

Kven skal vere med på kontrollane?

Vi er avhengige av at jordbruks- og skogbruksansvarlege og/eller sakshandsamar kan delta og hjelpe under desse kontrollane. Vi ønskjer at kommunedirektør/einingsleiar kan vere til stades ved eventuelle oppstartsmøte og ved avslutninga av kontrollen (sluttmøte).

Særskilt for 2025

I 2025 vil vi fortsette å legge vekt på arbeidet i kommunane med internkontrollen for dei økonomiske tilskotsordningane innan landbrukssektoren. Internkontrollen skal vere forankra og integrert i kommunen sitt styringssystem. I kontroll av sakshandsaminga legg vi vekt på vurderingane og grunngjevingane skrivne i kommunane sine vedtak, jf. forvaltningsloven §§ 24 og 25.

**For 2025 er desse kommunane og tilskotsordningane valde ut for kontroll:**

Kommune	Ordning	Ordning
Bamble	Skogfondsrevisjon	
Drangedal	NMSK vegar og vegvedlikehald	
Fyresdal		
Færder		
Hjartdal	NMSK skogkultur	
Holmestrand		
Horten	Skogfondsrevisjon	
Tønsberg	Produksjonstilskot	
Kragerø		
Larvik	NMSK vegar og vegvedlikehald	Skogfondsrevisjon
Nome Midt-Telemark		
Notodden	NMSK skogkultur	
Porsgrunn		
Siljan		
Skien		
Kviteseid	Produksjonstilskot	
Nissedal		
Sandefjord	Skogfondsrevisjon	
Seljord	RMP	SMIL
Tinn	Avløysing ved sjukdom og fødsel	
Tokke		
Vinje	RMP	SMIL

Kva skjer vidare?

Dette brevet varslar om kontrollane. I etterhand tek vi kontakt for å avtale mogelege tidspunkt for kontroll med kvar einskild kommune. Dataane vert i etterhand stadfestet med brev som òg gir fleire detaljar om tema, innhald og tidsplan.

Vi ser fram til god dialog med kommunen som landbruksmynde.

Med helsing

Olav Sandlund (e.f.)
landbruksdirektør

Ingunn Haldorsen Sømme
assisterende landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakerliste:

Bamble kommune	Postboks 80	3993	LANGESUND
Drangedal kommune	Gudbrandsvei 7	3750	DRANGEDAL
Færder kommune	Postboks 250	3163	NØTTERØY
Fyresdal kommune	Klokkarhamaren 6	3870	FYRESDAL
Holmestrand kommune	Postboks 312	3081	HOLMESTRAND
Horten kommune	Postboks 10	3191	HORTEN
Larvik kommune	Postboks 2020	3255	LARVIK
Sandefjord kommune	Postboks 2025	3202	SANDEFJORD
Hjartdal kommune	Saulandsvegen 414	3692	SAULAND
Tønsberg kommune	Postboks 2410	3104	TØNSBERG
Kragerø kommune	Postboks 128	3791	KRAGERØ
Kviteseid kommune	Kviteseidgata 13	3850	KVITESEID
Nissedal kommune	Treungvegen 398	3855	TREUNGEN
Nome kommune	Ringsevja 30	3830	ULEFOSS
Notodden kommune	Postboks 193	3672	NOTODDEN
Porsgrunn kommune	Postboks 128	3901	PORSGRUNN
Seljord kommune	Brøløsvegen 13 A	3840	SELJORD
Siljan kommune	Postboks 16	3749	SILJAN
Skien kommune	Postboks 158	3701	SKIEN
Tinn kommune	Postboks 14	3661	RJUKAN
Tokke kommune	Storvegen 60	3880	DALEN
Vinje kommune	Vinjevegen 192	3890	VINJE
Midt-Telemark kommune	Postboks 83	3833	BØ I TELEMARK